



Inger Elise og Cort i arbeid i føremiddag

Kyrkja er eit fellesskap. Så også kyrkjene i Kvinnherad og som eit døme på det opplever ein at kyrkjetenarar frå Utåker og Valen/Husnes tar eit tak for den snart 100 år gamle kyrkja her i Uskedalen. Cort Holtermann og Inger Elise Helgeland er igang med å måla gjerdet og dermed vert ein viktig del av opprustninga foran jubileet gjort raskt og effektivt.

- Eg har også teke eit tak her tidlegare, til dømes i samband med sjukemeldingarog ferier, fortel Cort, som har 15 år bak seg som kyrkjetenar i Utåker. Han held fram med denne jobben sjølv om han no er pensjonert etter 26 år ved Sørødal.

Inger Elise har på sett og vis kome heim for å måla - ho bur nemlig i Uskedalen. Begge prisar tilhøva - det kan knapt vera betre målingsver sjølv om vi er langt uti oktober.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen